



Ingvild Hjelmtveit

Referansar:
Dykkar:
Vår: 15/1013 - 15/10081

Saksbehandlar:
Rita C. Kvalheim Sætre
rita.satre@meland.kommune.no

Dato:
21.05.2015

Evaluering av Utval for levekår

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing

Rita C. Kvalheim Sætre
sekretær

Andre mottakarar:
Nils Marton Aadland

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|----------|------------|
| Helge Kvam | FE - 033 | 15/1013 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---------|-------------------|------|------------|
| 28/2015 | Utval for levekår | PS | 12.05.2015 |

Evaluering av Utval for levekår

Vedlegg:

Reglement for hovudutvala

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Viser til notat frå ordførar datert 01.04.15 jamfør vedlegg. Utval for levekår vert oppmoda om å utføre eignevaluering, og gje uttale til moglege endringsforslag.

I 2014 gjennomførte Utval for levekår 6 møter med samla tal 60 saker, eller i gjennomsnitt 10 saker per møte. Viser her til Årsmelding 2014 for Meland kommune s. 16.

Utval for levekår sitt gjeldande saksområde, mynde og møteform er m.a. relatert til:

- Meland kommune – reglement for hovudutvala datert 13.08.07 som vart vedteke i Meland kommunestyre sak 077/07.
- Reglement for Meland kommunestyre vedteke 05.09.07 sak 074/07.
- Delegeringsreglement for Meland kommune – delegering frå kommunestyret til rådmann datert 24.10.12 sak 086/12 med eige vedlegg datert 29.10.12.

Utvalsleiar Kåre Skibenes ønsker at medlemmane i ULK førebur aktuelle innspel til evalueringa og kjem med skriftlege utkast til møte med omsyn til spørsmål 1-5 frå ordførar. Det vert lagt opp til

arbeidsmøte om tema for å utforme framlegg til uttale.

Administrasjon legg fram sak utan framlegg til vedtak/uttale.

Vurdering

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

Skriv framlegg her

Utval for levekår - 28/2015

ULK - behandling:

Varamedlem Haakon Aase (SAM) fekk permisjon frå møtet kl. 19.00, og var soleis ikkje med på handsaming av sak 28/2015.

Skrivet "Spm frå ordførar - evaluering av utvalet jfr notat 01.04.15" vart delt ut i møtet.

Utvalet vil gje følgjande uttale:

1. Arbeidet i utvalet er utført innan ramme gjeve i «Reglement for hovudutvala» datert 13.08.07. Utvalet har dei siste åra hatt fleire og ulike kontaktpunkt ut mot dei ulike teneste- og ansvarsområda inklusiv synfaringar og møtepunkt med mottakarar av ulike typer tenester. Dette er viktig med omsyn til å forstå nosituasjon og leggje politiske føringar for vidare overordna vegval. God og rett kunnskap er naudsynt for å gjere gode vedtak. Arbeidet til utvalet er viktig fordi ein her kan diskutere aktuelle saker innan arbeids- og ansvarsområdet tidleg og grundig. Dette er naudsynt både for dei saker som stoppar i utvalet, og med omsyn til saker som skal til vidare handsaming i formannskap og/eller kommunestyret.
2. Utvalet meiner at det pt. ikkje er trong for å endre gjeldande reglement for utvalet. Ein bør imidlertid kvalitetssikre at opplisting (12 punkt) av arbeids- og ansvarsområde til Utval for levekår vert oppdatert jamfør gjeldande organisering og nemning av gjeldande fagområde/tema.
3. Utvalet meiner det bør vere noko fleire faste møte enn det ein har hatt siste tida. Det er betre med noko fleire møte og kortare saksliste, enn få møte og meir oppsamling av saker.
4. Utvalet meiner ein bør halde fram med møtestart kl 1600. Tema om møtestart bør og vurderast av ny samansetting av utvalet i ny kommunestyreperiode.

5. Det som er viktig er at saker som naturleg ligg under ULK sitt arbeids- og ansvarsområde faktisk kjem til handsaming/høyring i utvalet før sakene skal endeleg handsaming i formannskap og/eller kommunestyret. Både formannskap og kommunestyret vil ha stor nytte av at ULK får gje tilrådingar i saksområde som gjeld utvalet sitt arbeidsområde – til dømes i saker om strukturelle endringar i kommunen (no sist aktuelt med skulestruktur).

ULK - vedtak:

1. Arbeidet i utvalet er utført innan ramme gjeve i «Reglement for hovudutvala» datert 13.08.07. Utvalet har dei siste åra hatt fleire og ulike kontaktpunkt ut mot dei ulike teneste- og ansvarsområda inklusiv synfaringar og møtepunkt med mottakarar av ulike typer tenester. Dette er viktig med omsyn til å forstå nosituasjon og leggje politiske føringar for vidare overordna vegval. God og rett kunnskap er naudsynt for å gjere gode vedtak. Arbeidet til utvalet er viktig fordi ein her kan diskutere aktuelle saker innan arbeids- og ansvarsområdet tidleg og grundig. Dette er naudsynt både for dei saker som stoppar i utvalet, og med omsyn til saker som skal til vidare handsaming i formannskap og/eller kommunestyret.
2. Utvalet meiner at det pt. ikkje er trong for å endre gjeldande reglement for utvalet. Ein bør imidlertid kvalitetssikre at opplisting (12 punkt) av arbeids- og ansvarsområde til Utval for levekår vert oppdatert jamfør gjeldande organisering og nemning av gjeldande fagområde/tema.
3. Utvalet meiner det bør vere noko fleire faste møte enn det ein har hatt siste tida. Det er betre med noko fleire møte og kortare sakliste, enn få møte og meir oppsamling av saker.
4. Utvalet meiner ein bør halde fram med møtestart kl 1600. Tema om møtestart bør og vurderast av ny samansetting av utvalet i ny kommunestyreperiode.
5. Det som er viktig er at saker som naturleg ligg under ULK sitt arbeids- og ansvarsområde faktisk kjem til handsaming/høyring i utvalet før sakene skal endeleg handsaming i formannskap og/eller kommunestyret. Både formannskap og kommunestyret vil ha stor nytte av at ULK får gje tilrådingar i saksområde som gjeld utvalet sitt arbeidsområde – til dømes i saker om strukturelle endringar i kommunen (no sist aktuelt med skulestruktur).